



Vik kommune

Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
082/08	Formannskapet	05.05.2008

Sakshandsamar: Eivind Helleland

Arkiv:

Arksaksnr.08/266 2

Høyring: Endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova. Bestemmelser om bu- og driveplikt m.m.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet vedtek rådmannen sine vurderingar som kommunen si fråsegn til høyringsnotatet vedrørande endringar av odelslov, konsesjonslov og jordlov.

Kort samandrag

Reglane om omfanget av odelsrett, om konsesjonsplikt og om bu- og driveplikt er, og har vore, ein sentral del av landbrukslovgjevinga i mange år og er utan tvil av betydning for gjennomføringa av landbrukspolitikken.

Reglane har innverkning bl.a. for eigarstrukturen i landbruket, men har òg innverknad langt ut over landbruket, bl.a. for kommunen sitt høve til å hindra at heilårsbustader vert brukt til fritidsføremål.

Dette er ein viktig distriktpolitisk dimensjon ved lovverket.

Måla med denne lovgjevinga er viktige i eit langsiktig perspektiv.

På landbruksområdet gjeld dette bl.a. målet om å sikra produktive areal for framtidig matproduksjon og målet om å leggja til rette for rasjonell, bærekraftig drift som kan gje grunnlag for verdiskaping.

Reglane tener òg mål som å ivareta og auka busettinga i distrikta, og målet om å sikra kulturlandskapet.

Vidare er reglane viktige for å sikra gode løysninger ved arv og skifte av landbrukseigedom.

Reglane i odelslova, konsesjonslova og jordlova legg råmer for kva den einskilde kan gjera med eigedomen sin.

Etter Landbruks- og matdepartementet sitt syn er det i dag flere tilhøve knytt til reglane om bu- og driveplikt, som bør endrast. Desse reglane meiner Landbruks- og matdepartementet må gjerast meir målretta og regelverket forenklast.

Utsende høyringsnotat har i seg endringar som byggjer opp under og legg til rette for slike endringar av politikken. Dette vil departementet ha m.a kommunen sitt syn på.

- At buplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eigedom over 25 dekar dyrka mark, eller over 350 dekar produktiv skog.
- At konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 25 dekar dyrka Arealgrensa på 100 dekar totalareal vert som i dag
-

05.05.2008 FORMANNSKAPET

FS 082/08 VEDTAK:

Formannskapet vedtek rådmannen sine vurderingar som kommunen si fråsegn til høyringsnotatet vedrørande endringar av odelslov, konsesjonslov og jordlov.

Vedlegg:

Høyringsdokumentet

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Odelslova

Konsesjonslova

jordlova

Saksutgreiing

I høyringsnotatet av 5.februar:"Endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven, Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m." kjem departementet med fylgjande framlegg:

- At reglane om buplikt etter odelslova i hovedsak vert flytta til konsesjonslova, og at reglane om driveplikt etter konsesjonslova og odelslova vert flytta til jordlova.
- At kravet til odlingsjord blir 25 dekar dyrka mark eller 350 dekar produktiv skog.
- At det blir eit spørsmål om arealgrenser når ein skal ta stilling til om det oppstår buplikt eller om det dreier seg om odlingsjord. Det vil sei at det verken etter konsesjonslova eller odelslova skal føretakast ei konkret vurdering av om eigedomen er ein "jord- og skogbruksseiendom" eller "kan nyttast til landbruksdrift".
- At den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søkje konsesjon, dvs. at høvet til å søkje fritak frå boplikta fell bort, og at det vert gitt nærmare reglar for konsesjonsvurderinga i disse tilfella.
- At det vert gitt nærmare reglar for vurderinga av om det skal bli stilt vilkår om buplikt ved konsesjon.
- At buplikta berre kan oppfyllast ved at eigaren vert registrert i folkeregisteret som busett på eiegdomen.
- At driveplikta skal gjelda jordbruksareal som kan drivast lønsamt, uavhengig av om det har skjedd ei overdragning, og vera varig.
- At slektskapsunntaket kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsett konsesjonsgrense.

Departementet ber også om synspunkter på:

- om det bør innførast buplikt i kommunen ved erverv av utmarkseigedom.

Rådmannen meiner det er eit godt signal at regjeringa kjem med framlegg som vil skjerpa buplikta.

Det er positivt at regjeringa vil prioritera dei som vil bu og driva næringsaktivitet i bygde-Noreg.

Ei skjerpa buplikt er ikkje eit problem for dei som vil bu i bygdene, men for dei som er ute etter fritidsbustad meiner rådmannen.

Viktigaste utfordringa for distriktskommunane som ynskjer å få kontroll over bruk av hus og eigedomar er problemstillingane knytt til unntaka vedrørande slektskap. Vik kommune har hatt ordninga med 0-konsesjon i bruk i ein periode. Den vart fjerna då ein oppdaga at om lag alle overdraginger som kunne vore interessante å setja vilkår til føregjekk utanfor området kommunen kunne setja vilkår til. Unntaka vedrørande slektskap må sterkt reduserast dersom åsetjinga skal nåast.

Dei framlegga regjeringen legg fram vil føre til at reglane om bu- og driveplikt vert enklare i høve til i dag.

Reglene vert meir målretta og tydelegare og vil hengje betre saman med lovgjevinga elles. Det vert ferre fritak. Det er positivt.

Rådmannen meiner òg det er viktig at det vert lagt til rette for at store utmarkseigedomar som vert selde kan sikrast lokalt eigarskap.

Men, denne målrettinga set òg krav til at regjeringa legg betre til rett for lokal verdiskaping. Rådmannen meiner dette må understrekast i fråsegna.

Rådmannen vil på prinsipielt grunnlag stille spørsmål ved framlegget om å flytta bupliksordninga frå odelslova over til konsesjonslova. Ordninga vil tvillaust splitta opp reglane for odelseigedomar, og rådmannen stiller spørsmål ved om den nye ordninga vil vera like trygg i rettsleg forstand som noverande ordning med tettare kopling mot Grunnlova.

Rådmannen rår elles til at Vik kommune tilrår endringane som er på høyring.